

# KUNSTPLAN FOR BYBANEN

## MÅL OG STRATEGI

Revidert plan august 2014  
Godkjent 16. september 2014



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



Mårdalen stasjon. "1 000 483". Torunn Skjelland.



## Innhald:

Innleiing	s. 3
Mandat	s. 3
Bybanen	s. 4
Vision for kunstprogrammet	s. 5
Strategi; A, B og C prosjekt	s. 9
Formidling	s. 11
Eigarskap og forvaltning	s. 13
Kunstutvalet	s. 21

## 1. Innleiing

I samband med bygginga av Bybanen, har Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune avsett midlar til kunst. Bergen kommune var ansvarleg for Bybanen sitt første byggjetrinn, medan Hordaland Fylkeskommune har ansvar frå andre byggjetrinn og frametter. Kunstkomiteen vart vedteken oppretta av Bergen kommunes fond for kunstnerisk utsmykking av byen den 15. juni 2008.

Hordaland fylkeskommune var representert i Kunstutvalet for Bybanen trinn 1, og bidrog og med midlar til kunstprosjekta. Dette kjem fram i vedtak i Fylkesutvalet 18.februar 2009, sak 53/09.

Då Hordaland fylkeskommune tok over ansvaret for Bybaneutbygginga, var det vilje til å forsetje og vidareutvikle kunstprosjekt og i desse. Ein kunstkomité nedsett av Kultur- og ressursutvalet den 21. august 2012, sak 78/12, fekk oppgåva med å gjennomføra kunstprosjekta.

## 2. Mandat

I vedtak i Fylkesutvalet 18. februar 2009, sak 53/09, ser ein det som særstakt er viktig at Hordaland fylkeskommune utviklar kunstprogram / utsmykking knytt til Bybanen. Fylkesrådmannen skriv i saksframlegget at han ser det som naturleg at Hordaland fylkeskommune vidarefører si noverande utsmykkingsordning for bygg til Bybaneutbygginga.

Den vedtekne utsmykkingsordninga for bygg ligg tett opp til KORO (Kunst i offentleg rom) si ordning. Det vart i denne saka ikkje vedteke spesifikke summar til føremålet. I sak for Kultur- og ressursutvalet 21. august 2012, sak 78/12, vert prinsippa og strukturen for arbeidet meir utspeglingslagt. Kunstprosjekta i fase 2 skulle i all hovudsak byggje på og vere ei vidareføring av kunstprosjekta knytt til fase 1.

Ein vil at grunnprinsippa i kunstplanen frå fase 1 og skal gjelda for seinare utbygging. Komiteen vil utvikle dei meir spesifikke delane av planen som gjeld dei nye strekningane og finansiering av desse.

Kunstplanen er vedteken av Hordaland fylkeskommune 16. september 2014.

Det vart fatta følgjande vedtak:

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til prinsippa i den reviderte kunstplanen for Bybanen slik den ligg føre i vedlegget til denne saka.
2. Kultur- og ressursutvalet tilrår at det vert sett av inntil 2 promille av investeringsramma til kunstnarisk utsmykking langs bybanen.



### 3. Bybanen

Bygginga av Bybanen er del av Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø.

Bergensprogrammet er eit spleislag mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Staten og innbyggjarane i Bergensområdet. I 2000 blei det vedteke at Bybanen skulle byggjast frå Bergen sentrum til Bergen lufthamn Flesland i tre trinn: det første frå Bergen sentrum til Nesttun, det andre frå Nesttun til Lagunen og det tredje frå Lagunen til Flesland. Fyrste trinn starta i 2008, tredje trinn skal vere ferdig i 2016.

Bybanen byggjer på ein visjon om bærekraftig utvikling, både lokalt og globalt, og skal vere ryggrada i byen sin kollektivtransport.

Eit gjennomarbeidd designprogram skal streka under hans viktigaste funksjon: Effektiv, hurtig og punktleg transport som skal vera miljøvenleg og tilgjengeleg.

## 4. Visjon for kunstprogrammet

- Kunsten skal vere av internasjonalt format
- Kunsten skal gjevast ein tydeleg og definert plass i byrommet
- Kunsten skal spegle mangfaldet Bybanen sine brukarar representerar



### Breidde, dynamikk og innovasjon

Utalet opnar for ulike tilnærmingar til kunst i romma langs banen, og tradisjonelle uttrykk. Planen sin styrke vil liggja både i breidde og spiss. Det skal vera eit ekspansivt og dynamisk kunstprogram med rom for både permanente og temporære prosjekt. Nokre stader vil tradisjonelle kunstuttrykk kunne bidra til å styrkja relasjonelle og sosiale opplevingar av staden.

Det permanente kan ha ein verdi som identitets- og relasjonsbyggjar, og det vil kunne vera ei motvekt til den framandgjeringa ein kan oppleva i høve til eit urbant massetransportmiddel. Temporære prosjekt har avgrensa varigheit, frå korte punktmarkeringar eller performance til elektroniske projeksjonar over nokre månader eller år. Planen sitt overordna prinsipp vil liggja i eit dynamisk tilhøve mellom desse ytterpunktene. Gjennom satsing på kvalitet, innovasjon og kunstnarar av internasjonalt format vil kunstplanen søkja å gje publikum ei god oppleving med på reisa.





**Thorsten Goldberg**


### **60°N 05°E (encased waterside)**


Med dette verket vant Goldberg en internasjonal konkurranser der målet var å lage et kunstverk som reflekterte de overordnede føringer som ligger bak byggingen av Bybanen; ønsket om en bærekraftig utvikling.

**Sted: Florida**

### **Den gode møteplassen**

Bybanen vil vera møteplass for menneske med svært ulik bakgrunn. Ynskjet om at kunsten skal spegla mangfaldet av brukarane, er knytt til prinsippet om Allmannaretten. Bybanen er felles eigedom og felles ansvar. Når kunstnarane skal utvikla kunsnarlege prosjekt i dette rommet, må dei ha kjensleevne i høve til den offentlegheit kunsten vert ein del av. Oppgåva er basert på tillit. Krav til kunstnarane som får oppdrag Kunstnarane skal ha fagleg integritet og eit medvite og reflektert tilhøve til arbeidet sitt og kor dei står i høve til kunstnarlege diskusjonar i vår tid. Komiteen søker kunstnarar som kan syna til gjennomføringsevne og forståing for alle aspekt ved å arbeida i offentlege rom. Det er ikkje motsetnad mellom kravet til internasjonalt nivå og det å bruka norske/lokale kunstnarar.





## 5. Strategi; A, B og C prosjekt

### Heilskap og mangfald

Kunst i samband med Bybanen treng ikkje berre vere på vognsetta, stoppestadene eller banetraseen, men kan og finne stad på banen sine nærområde og dei landskaps- eller byromma som opnar seg langs traseen. Kunstutvalet for Bybanen skal identifisera eigna rom og prioritera kunstprosjekt for Bybanen sine omgjevnader, interiør og trasé. Bybanen manifesterar tanken om det kollektive i positiv forstand.

Kunstplanen skal spegla Bybanen sin idé om satsing på bærekraftig utvikling til beste for alle, men og gje rom for individuelle kunstnarlege ytringar og tidsrelevante uttrykk.

For å ivareta dei ulike tilnærmingane, vel kunstutvalet å definera tre strategiar som samla sett skal utgjera kunstprogrammet. Inndelinga i A, B og C prosjekt er ikkje ei gradering, men ein reiskap for å fremja ein heilskapleg plan.

### Kategori A:

A-prosjekta skal reflektera Bybanen sine overordna verdier og visjon; ei bærekraftig utvikling. Globalt diskuterer ein det naudsynte i politiske, etiske og økonomiske prioriteringar som set klimautviklinga i sentrum. Ikkje minst gjeld dette innafor transportsektoren, der kravet om meir miljøvenlege alternativ gjer seg stadig meir gjeldande.

Framtidsretta løysingar som vektlegg heilskap og omsynet til globale behov, blir føretrekt. Klima vil truleg vera ei av dei viktigaste utfordringane for menneska i fleire generasjonar framover. Utvalet ynskjer verk som tar opp problemstillingar knytt til denne store saka.

Eit A-prosjekt er eit monumentalt og permanent verk, som er påkosta for å kunne vera ei synleg ytring i eit krevjande by- eller landskapsrom.

### Kategori B:

B-prosjekta skal spegla omsynet til den individuelle fridomen og brytingane i det offentlege rommet. Det kan vera prosjekt som utfordrar og omdefinerar - men og prosjekt som speglar det gode møtet. B-prosjekta reflekterar møtet mellom menneske 1:1 - ein god ven eller ein interessant framand.

Gjennom Bybanen, vert den einskildes daglege rørslemønster endra i høve til tidligare. Samstundes skapast nye møteplassar. Det er nærliggjande å sjå på dette som udelt positivt, men nokre opplever og at desse stadane er framandgjerande.

"Den gode reisa" var motto for arkitekt- og designkonkurransen for Bybanen. Kunstprogrammet kan bidra til "Den gode møteplassen", gjennom å visa at innafor det kollektive og uniforme er det og plass til individ og individuelle ytringar.

B-prosjekta vil ha variasjon i tilnærming og uttrykksform, og geografisk spreiing langs traseen. Dei kan vera både permanente og temporære, og dei er initierte og ferdigstilte av kunstutvalet.


## Kategori C:

C er ein strategi for å ivareta dynamikken i kunsten langs Bybanen, ved å sjå på traseen som ein skiftande visningsstad for samtidskunst.

Det kan vera tale om prosjekt som er initierte av andre, men som kan sjåast i samband med Bybanen sitt kunstprogram på grunn av sin aktualitet, tematikk eller geografiske nærliek. C-prosjekt kan også vera temporære prosjekt som vert igangsett etter at Kunstudvalet har avslutta arbeidet sitt.



Florida.  
Thorsten Goldberg.  
Side 4, 5, 6 og 7.  
A-prosjekt



Fageråstunnelen.  
Marius Watz.  
Side 10.  
B-prosjekt



Fantoft.  
Maria Sundby.  
Side 11.  
C-prosjekt




Paradistunnelen.  
HC Gilje.  
Side 12.  
B-prosjekt



Nesttunvannet.  
Rachel E. Dagnall og  
Anita Hillestad.  
Side 13, 14 og 15.  
B-prosjekt




Mårdalen.  
Torunn Skjelland.  
Side 16 og forsiden.  
B-prosjekt.



Skjoldtunnelen.  
Gisle Frøysland.  
Side 17, 18 og 19.  
B-prosjekt



Sandsli.  
Annette og Caroline Kierulf.  
**KOMMER nov. 2015**  
B-prosjekt.



Dyrhovdtunnelen.  
Per Formo.  
**KOMMER nov. 2015**  
B-prosjekt.

## 6. Formidling

God formidling kan gje auka forståing og interesse for kunst, og dermed gjera at kunsten blir meir brukt av dei reisande. Det er og viktig med informasjon og merksemd kring kunsten for at brukarane av Bybanen skal få eit eigarforhold til kunstverka. Underveis i prosjektet, vil informasjon om kunstprogrammet si utvikling og framdrift bli lagt ut på Hordaland fylkeskommune sine heimesider. Her vil både publikum og kunstnarar finne utlysingar og utdjupande informasjon om delprosjekt og konkurransar. Større hendingar vil verte markerte på meir omfattande vis, gjennom annonseringar, presse, utstillingar og anna.


Kunstutvalet vil, i samarbeid med HFK, laga framlegg til ein heilskapleg plan for korleis kunsten kan formidlast på lang sikt, etter at trinn 3 er opna, og kunstprosjektet formelt er avslutta. Planen vil innehalda framlegg til organisering, metode og budsjett.

**Marius Watz**

**Prime**

Watz har satt sammen LED-staver til enkle geometriske figurer. Verket er en bearbeiding og lek med de signaler og trafikklyset som en finner i offentlige byrom. Utgangspunktet er Andreaskorset, trafikkskiltet som signaliserer plankryss mellom veg og jernbane.

**Sted: Fageråstunnelen**






Maria Sundby

**Adebaran**

Adebaran er navnet på en stjerne. Navnet betyr visstnok "følgesvenn" på arabisk – godt å ha med seg på enhver reise, også med Bybanen. Dette verket er et såkalt C-prosjekt. Det betyr at det ikke er initiert av bybanens kunstutvalg men at det likevel vil oppleves som en del av kunstprogrammet på grunn av sin nærhet til Bybanen. Verket eies av SiB.

**Sted:** Fantoft





HC Gilje

**Puls**

Verket består av en 150 meter lang lyslinje av LED som bukter seg langs tunnelveggen på begge sider; rød på den ene siden og blå på den andre. Buktene er laget slik at når Bybanen kjører forbi, oppleves installasjonen som en animasjon av en bølgeform.

**Sted:** Paradistunnelen

## 7. Eigarskap og forvaltning

### Eigarskap

Kunsten som blir resultat av Kunstplanen for byggjetrinn 3 skal som hovudregel eigast og forvaltast av Hordaland Fylkeskommune. I nokre høve vil det kunne vere unnatak frå dette, som når andre enn kunstprogrammet tek initiativ til og/eller betaler for prosjekta (jf. moglege kategori C-prosjekt, pkt. 5).

Kunstutvalet – med si noverande samansetting – held fram arbeidet til dei påbegynte prosjekta er overleverte. Innan 31. desember 2015 skal dei involverte partane vurdera om intensjonen i denne mål- og strategiplanen er oppfylt.

### Forvaltning

Hordaland fylkeskommune, ved kultur- og idrettsavdelinga, skal ha ansvar for at årleg, rutinemessig tilsyn og vedlikehald av verka i Bybanen sitt kunstprogram byggetrinn 2 og 3 vert gjennomført. God forvaltning og vedlikehald av offentleg kunst, er særskilt krevjande, særleg i utsverket. Hordaland fylkeskommune vil utvikla ei eiga strategi for eige, forvaltning, drift og formidling av bybanekunsten. Til kvart prosjekt vert det utvikla ein manual med vedlikehaldsinstruksar og fotodokumentasjon frå utførande kunstnar. Manualen, som oppbevarast hjå kultur- og idrettsavdelinga, skal også innehalda opplysningar som materialbruk, kunstnarane sine namn og kontaktinformasjon mm. Kultur- og idrettsavdelinga vil utarbeida ein brukaravtale der ein tek utgangspunkt i KOROs sin mal for statlege bygg. Kunst i offentlege rom er underlagt opphavsrettsleg vern etter åndsverkloven av 12. mai 1961.




Rachel Dagnall & Anita Hillestad


**The White Rabbit**

Er du heldig får du ett glimt av den hvite kaninen i det Bybanen passerer Nesttunvannet. Verket gir assosiasjoner til barns fantasiverden; Alice i Eventyrlan. Satt inn i en voksen verden, som her, blir den en slags trojansk hest med flere tolkningsmuligheter.

The White Rabbit er både avvæprende morsom og utfordrende på samme tid. Skulpturen er laget av lakket glassfiber.

**Sted: Nesttunvannet**









Torunn Skjelland

**1 000 483**

Den malte frisen ved Mårdalen består av tre hovedmotiver; et kart over Bergen med bybanens trasé (målestokk 1:1000483), en rød tråd som fortsetter traséens forløp, samt nostalgiske reiselivsplakater fra 1940 – 50 tallet.

Visuelle ikoner og stereotype fremstillinger av Bergen og Norge blir satt sammen på en måte som åpner for flere tolkningslag.

Sted: Mårdalen



## Gisle Frøysland

### Kjankaren


"Å kjanke" er et gammelt bergensuttrykk; barn som henger seg etter bussen midtvinters og lar seg dra på glatte sko.

Frøysland har laget en elektronisk kjankar. På begge sider av tunnelveggen er store paneler med LED lys. Når Bybanen passerer vil elektroniske sensorer starte en flokk med lysende kjankere som følger vognen innover i tunnelen.

**Sted:** Skjoldtunnelen







## 8. Kunstuvalet

### Trinn 3 Lagunen-Flesland

Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar  
Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga  
Jørgen Blitzner, kunstkonsulent  
Hilde Skjeggestad, kunstkonsulent  
Grete Riis, Bergen kommune, Seksjon for kunst og kultur  
Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging  
Ingrid Haukeland, Bybanen Utbygging  
Petter Bortne, Bybanen AS  
Anne Szefer Karlsen/Petra Rahm, Hordaland kunstsenter

### Trinn 1 Byparken-Nesttun

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent og utvalet sin leiar  
Jørgen Larsson, kunstkonsulent (fra 16.6.09)  
Mogens Lock Hansen, Bergen kommune, Grønn etat.  
Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga  
Sølvi Marie Myrseth, Bybanekontoret, Bergen kommune  
Axel Sømme, Arkitektgruppen Cubus As  
Grete Riis, Bergen Kommune, Fondet til kunstnerisk utsmykking av byen

### Trinn 2 Nesttun- Lagunen

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent og utvalet sin leiar  
Jørgen Larsson, kunstkonsulent  
Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar  
Grete Riis, Bergen kommune  
Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging  
Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga  
Axel Sømme, Arkitektgruppen Cubus As





HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Kunstplanen vert finansiert med tilskot frå Bergensprogrammet.